

Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
v/ Carsten Stig Jensen
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 15.10.2012

Tokagjelet kraftverk tilleggsopplysninger om nettilkopling. Høyringsuttale

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) viser til sin høyringsuttale om Kvam trafo-stasjon, og går mot begge alternativa til eksisterande 132 kV kraftline over Tokagjelet. Kvam Naturvernlag har tidlegare i sin høyringsuttale gått mot Tokagjelet kraftverk, som er til konsesjonsbehandling i NVE, og den nye kraftlina med tilhøyrande trafo-stasjon forutset at dette kraftverket blir bygd. Dei to transformatorstasjonane med tilhøyrande kraftliner vil gjera det lettare å byggja ut endå fleire småkraftverk i eit område som frå før er hardt utsett for kraftutbygging, og som er med på å øydeleggje biologisk mangfald og grunnlaget for framtidig verdiskaping innan naturbasert turisme og friluftsliv.

I tillegg til dette meiner vi at kraftlina, som går tvers over Tokagjelet i begge alternativa, medfører uakseptable inngrep i eit sårbart og mykje nytta utfartsområde for vinterturisme og med mange hytter. NVH meiner at heile Tokagjelet inkludert den gamle bilvegen som går på ei hylle i fjellet, bør vernast som kulturminne og naturdokument. Heile gjelet er ei samanhengande fossesprøytsone gjennom eit område der berggrunnen er samansett av kalkrike skifrar, som gjev grunnlag for kravfulle plante- og dyreartar som er avhengig av rennande vatn. Også av denne grunn går vi i NVH sterkt imot Statnett og AS Fjellkraft sine planar, slik vi tidlegare har gått mot sjølve kraftverket. Trafo-stasjonen og den tilhøyrande kraftlina vil utgjera eit svært skjemmande inngrep i dette unike og lett tilgjengelege naturområdet. Vi er sterkt kritiske til konsekvensutgreinga frå Rådgivende Biologer, som bortsett frå kapitlet om fugl og kraftliner, i stor grad baserer seg på synsing, og der verdivurderingane ikkje heilt samsvarar med den framlagde dokumentasjonen, noko vi meiner er i strid med føre-var prinsippet og kravet om kunnskapsbasert forvaltning i Naturmangfaldlova.

Når dette er sagt, meiner vi at alt. A er klart verre enn alt. B fordi det representerer eit større inngrep i Tokagjelet som naturområde og kulturminne, blant anna bygging av trafo-stasjon i Tokagjelet. NVH støttar her delvis synspunkta til Kvamskogen Vel, som i sin høyringstale til Kvam trafo-stasjon påpeikar at OED har pålagt Statnett å velja Øystesealternativet (alt. B) som avlastning for eksisterande 132 kV kraftline Norheimsund – Samnanger i staden for Tokagjelet, som avbøtande tiltak for ulempene på Kvamskogen i samband med bygginga av kraftlina Sima – Samnanger. Vårt alternativ i Naturvernforbundet Hordaland er her ei opprusting av eksisterande 132 kV kraftline Norheimsund – Samnanger, og at det bør vurderast om ei ny kraftline kan leggjast i den planlagte gang- og sykkelvegen gjennom Tokagjelet.

Ellers viser vi til tilsvarende høyringsuttalar til Tokagjelet kraftverk og til Kvam trafo-stasjon, og ber om at våre synspunkt blir tekne omsyn til.

Med vennleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland
Oddvar Skre (saksbehandlar)
oddvar@nmvskre.no

Nils Tore Skogland (dagleg leiar)
nts@naturvernforbundet.no

Kopi til

- Kvam Naturvernlag
- Bergen Turlag